

Fra: Kjartan Nyhammer <kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no>

Sendt: 12.05.2023 14:51:32

Til: Liv Oda Dale <liv.oda.dale@masfjorden.kommune.no>

Emne: VS: SV: SV: Byggjesak på GBNR 32/97,98 og 99

Hei,

Kan du journalføre dialogen nedanfor på sak 22/511.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Fra: Ivar Holmaas <ivholma@online.no>

Sendt: fredag 5. mai 2023 21:57

Til: Kjartan Nyhammer <kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no>

Emne: Re: SV: SV: Byggjesak på GBNR 32/97,98 og 99

Hei

- I korrigert søknad av 31.1.23 vart det søkt om dispensasjon fra byggegrensa. Den søknaden har vore nabovarsla og sendt Statsforvaltaren tidlegare.
- Som grunneigar på bnr. 2 aksepterer eg grensejusteringar, Dette gjeld vel bnr. 97 og 98. Nr. 96 er ferdig etablert naust til Øystein Gjerde.
- Som grunneigar aksepterer eg også at bnr. 99 bygger heilt til grensa og kan nytte bnr. 2 til vedlikehald av vegg på naust på bnr. 99.'
- Ber om at du ringer meg dersom det er behov for meir utfyllande opplysningar.

Mvh

Ivar Holmaas

Den 05.05.2023 14:28, skrev Kjartan Nyhammer:

Hei,

Dei er motteke.

No har Kjersti innplassert nausta i plankartet for reguleringsplanen. Som du ser så kjem nausta utanfor byggegrensa i planen. Innanfor arealformål naust, men utanfor byggegrensa (den stipla linja).

Viktig at formalitetane er på plass i dette området ser eg. Bed difor om at du/de sender ein søknad om dispensasjon frå byggegrensa i planen.


Eg sender ikkje på høyring, men sender vedtaket til klagevurdering hjå Statsforvaltaren.

For å koma raskt vidare med byggesaka, før grensejustering vert gjennomført, så vil eg ha ei stadfesting frå deg som grunneigar av GBNR 32/2 at du aksepterer ei grensejustering slik at heile naustet på GBNR 32/96 kjem på rette eigedom. Vidare at GBNR 32/99 får

byggja heilt i grensa og kan utføra vedlikehald på vegg på nordaustsida frå naboeigedomen 32/2.

Med helsing

Masfjorden kommune
v/ Kjartan Nyhammer



Dei stipla linjene i plankartet er byggjegrænse. Dei grønne punk

Fra: Ivar Holmaas <ivholma@online.no>

Sendt: onsdag 3. mai 2023 07:57

Til: Kjartan Nyhammer <kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no>

Emne: Re: SV: Byggjesak på GBNR 32/97,98 og 99

Hei, til info:

- Solveig har levert søknad på kommunehuset i går.
- Berge Hoshovde opplyste i går at han vil sende inn søknad i dag.

Mvh
Ivar Holmaas

Den 28.04.2023 09:03, skrev Kjartan Nyhammer:

Hei,

Takk for oppklaring.

Dei som eig må sende inn søknad om å vera sjølvbyggjar inkl Solveig. Men ho kryssar av for «Bruk av medhjelpar si utdanning og/eller praksis» på søknaden. Då formidlar du til den tredje tiltakshavaren også ?

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Fra: Ivar Holmaas <ivholma@online.no>

Sendt: onsdag 26. april 2023 11:00

Til: Kjartan Nyhammer <kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no>

Emne: Re: Byggjesak på GBNR 32/97,98 og 99

Hei

Det var vel berre Rolf Einar i utgangspunktet fordi det var ei naustrekke, men dei andre nausta må jo byggast samtidig på grunn av at det ikkje er adkomst etter kvart. Så for bnr. 99 er det Berge Hoshovde som skal vere sjølvbyggjar for betongarbeid og naustbygging. Han har kompetent. Og for bnr. 97 skal eg vere ansvarleg sjølvbyggjar for det same (i lag med Rolf Einar). Eg har nødvendig kompetanse, det har ikkje Solveig. Og alle tre er tiltakshavarar, Solveig Hovdenes Sleire, Rolf Einar og Berge Hoshovde - det er nabovarsla slik eg hugsar. Den opprinnelege søknaden var det Bjørn Rune som sendte inn. **Ber om å få beskjed om kva som eventuelt på sendast inn for å komme vidare.**

I forhold til grunnarbeidet er det Frode Haugsvær Maskin AS som har søkt og gjennomført det, eiga sak. Går ut frå at vi ikkje treng noko nytt her. Det som var søkt om opprinneleg var planering av nausttomtar og opptrekk, jfr. det vi no ber om.

Mvh
Ivar H.

Den 26.04.2023 00:03, skrev Kjartan Nyhammer:

Hei,

Hadde planar om å fått skrive saka i kveld. Men ser at eg treng nokre avklaringar :

1. Berre Rolf Einar Andvik som har søkt om bygging, Han har søkt om å vera sjølvbyggjar på betongarbeid og naustbygginga på GBNR 32/98. Kva med dei på BNR 97 og 99 ? Berre eit rammløve no og så kjem dei tilbake med søknad om å vera sjølvbyggjar seinare eventuelt nyttar firma til jobben på eit seinare tidspunkt ?

2. Berre Rolf Einar som vert omtalt som tiltakshavar i søknaden. Er ikkje eigarane av dei to andre tomtane også tiltakshavarar ?
3. Kven har ansvaret for grunnarbeidet ? Det er ikkje erklært ansvarsrett på det.

Elles har eg har bede Kjersti leggja den siste situasjonsplanen inn i eit plankart slik at det kjem tydeleg fram at nausta er innanfor sine byggegrenser og at pir og slipp er innanfor sitt planformål. No må me prøva å landa denne saka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer